

Fra: Einar Aase
Sendt: fredag 16. september 2022 15:34
Til: Postmottak Alver
Emne: VS: Oppfølging av tilbakeføringspålegg dykkar saksnr 20/15960 - 21/84562

Hei,

Kan dykk føre denne korrespondansen på sak 22/257?

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Per Sveinar Morsund <per.sveinar.morsund@alver.kommune.no>
Sendt: torsdag 4. august 2022 15:00
Til: Einar Aase <enar.aase@alver.kommune.no>
Emne: VS: Oppfølging av tilbakeføringspålegg dykkar saksnr 20/15960 - 21/84562

Videresender korrespondanse med grunneigar. Tenker byggesak får vurdere og evt kontakte grunneigar og avklare om han med dette har trekt sitt samtykke til den søknaden byggesak har inne til behandling.

Per Sveinar Morsund | Rådgjevar Miljø & Tilsyn

Telefon: 56 37 54 66 / 41 66 85 92

Fra: Nils Kvalvågnes <nils.kvalvagnes@gmail.com>
Sendt: tirsdag 2. august 2022 14:50
Til: Per Sveinar Morsund <per.sveinar.morsund@alver.kommune.no>
Emne: Re: Oppfølging av tilbakeføringspålegg dykkar saksnr 20/15960 - 21/84562

Hei

Det stemmer at me stillte oss positive til hytteeigarane sin søknad om å få flytta det avsette parkeringsområdet for hyttene frå der det viser i den godkjende situasjonsplanen handsama av Lindås

Bygningsråd i 1977. Dette på vilkår av at alle 4 parkeringsplassane vart flytta dit og at alle offentlege godkjenningar for det opphavelige parkeringsområdet følgde med. Dette ville då bli parkeringsområdet frå den opphavelige hytteplanen frå 1977 der hytteeigarane, når bilvegen kom fram, kunne søkja kommunen om å få byggja ein parkeringsplass kvar (sjølv om den ligg på andre sida av gardsvegen og snuplassen vår).

No viser det seg at ein av dei fire hytteeigarane likevel hevdar å ha sin einaste parkeringsrett knytt til ein annan stad på vår gard, d.v.s på snuplassen som me eig og som hytteeigarane berre har ferdselsrett til (som for gardsvegen vår), og då fell sjølvstilt vår aksept for samla flytting av det godkjende parkeringsområdet i hytteplanen til ein betre lokalitet for alle partar og for miljøet vekk.

Helsing

Nils Kvalvågnes

tir. 2. aug. 2022 kl. 14:00 skrev Per Sveinar Morsund <per.sveinar.morsund@alver.kommune.no>:

Viser til motteken melding frå deg i dag. Miljø og tilsyn har satt saka som gjeld oppfølging av det ulovlege tilfellet i bero i påvente av handsaming av byggesøknaden.

Byggesøknaden har saksnummer 22/257.

Etter kva eg kan sjå i dokumenta på byggesaka har du i kvittering for nabovarsel samtykka til det omsøkte tiltaket. Dersom du no har nye merknader til denne saka må du henvende deg til byggesak og sakshandsamar Einar Aase. Han er på ferie til 23.08, men du kan likevel sende inn eventuelle merknader til post@alver.kommune.no og merke med saksnr 22/257.

Miljø og Tilsyn vil ta saka opp att når byggesøknaden er ferdig handsama.

Per Sveinar Morsund | Rådgjevar Miljø & Tilsyn

Telefon: 56 37 54 66 / 41 66 85 92

Fra: Nils Kvalvågnes <nils.kvalvagnes@gmail.com>

Sendt: tirsdag 2. august 2022 11:31

Til: Per Sveinar Morsund <per.sveinar.morsund@alver.kommune.no>

Kopi: jorunn.h.kvalvagnes <jorunn.h.kvalvagnes@gmail.com>

Emne: Oppfølging av tilbakeføringspålegg dykkar saksnr 20/15960 - 21/84562

Hallo

I e-post til dykk 16.12.2021 melde me at me godtek pålegget om gjenoppretting i sak 20/15960 - 21/84562. Vår melding til dykk om dette ligg ved.

Deretter søkte hytteeigarane i hyttefeltet i Mikkelvågen om utsetjing av gjennomføringa av pålegget. Via omvegar fekk me vita at pålegget til oss om gjenoppretting var utsett i påvente av kommunen si handsaming av søknad frå hytteeigarane om godkjenning av alternativ plassering av hyttefeltet i Mikkelvågen sin godkjende stad å byggja 4 parkeringsplassar for dei 4 hyttene i feltet. Me kjende til denne søknaden frå hytteeigarane og stilte oss positiv til ein slik søknad om denne løysinga vart akseptabel for alle partar.

Det har det synt seg at det ikkje er.

Me melder no at den alternative plasseringa i LNF- område i byggjesøknaden frå hytteeigarane i Mikkelvågen vil bli reservert for gardsbruket gnr. 84/4 sin bruk og difor ikkje kan nyttast som alternativ. Hytteeigarane må då søkja kommunen om å få byggja sin parkeringsplass på det området som Bygningsrådet i Lindås godkjende for dette føremålet i 1977. Dette området har alle godkjenningar som trengst bortsett frå byggeløyve frå kommunen.

Me vil gjennomføra pålegget om oppretting innan kort tid.

Med helsing

Jorunn og Nils Kvalvågnes

Grunneigarar til gbnr 84/4 - Alver kommune.